

Til

Dagfinn Salte – driftsleiar

Hanna Kyorra – koordinator reinhald

Therese Lyngdal – vernombud

Margrethe Hauge – tillitsvalt

Iselin Stangeland – SFO-leiar

Referat frå Kvalitetsteam Lye skule 18.september 2024

Sak 1 QM-plus meldingar

Det har ikkje blitt registrert qm-plus meldingar så langt dette skuleåret. Tilsette melder om problem med innlogging og at portalen er tungvint å bruke, det resulterer i at avvik ikkje blir registrert slik det burde. Avvik knytta til ufint språk, elevar som verbalt krenkar tilsette blir underrapportert. Skulen vil informere og oppfordre til at tilsette melder avvik. Det skal vera ein kommunal kampanje om dette i november.

Sak 2 Kome innspel om parkeringsforbod langs Kvartsvegen ved Lye skule, har kvalitetsteamet tanker om det?

Skulen opplever ikkje utfordringar knytta til parkering langs vegen på dagtid, men det skjer nok på ettermiddagstid. Tenkjer at ein må vera obs på at ikkje lastebilane tek heile parkeringsplassen utfor skulen i stadenfor. Det kan bli problem ift levering og henting på SFO, samt parkering for tilsette. Kanskje det bør kome opp skilt på parkeringsplassen med reservert for tilsette kvardagar mellom 07.00 - 16.00.

Sigrid vidareformidler til kommunen.

Sak 3 Reinhald

Reinhald opplever utfordringar knytta til bemanning, dei trenger fleire tilsette. Viktig at vikarer får god nok opplæring, blant anna branninstruks (branntavla). Hanna har ein rutine for dette som dei følgjer.

Klasserom bli vaska 2 dager eine veka og 3 dager andre veka. Viktig at stoler blir hengt opp/eller vippa inntil pult for at reinhald skal kome til.

Sak 4 Orientering ombygging grunna ATO og brannutbetring

Sak 5 Evt.